

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**   **Saksbehandlar**

2005/3366-80   Anbjørn Høivik

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2010/79	Formannskapet	26.08.2010

## Drøftingssak: Visjon for Kvinnherad

### Innstilling frå rådmannen:

Drøftinga skal takast med i grunnlagsmaterialet for utarbeiding av ny samfunnsdel til kommuneplanen.

### Behandling i Formannskapet den 26.08.2010

- Innstillinga samrøystes vedteken.

### Vedtak frå Formannskapet den 26.08.2010

Drøftinga skal takast med i grunnlagsmaterialet for utarbeiding av ny samfunnsdel til kommuneplanen.

### Saksutgreiing:

Gjennom arbeidet med ny samfunnsdel til kommuneplanen for Kvinnherad skal det vedtakast ein visjon. Etter vedteken framdriftsplan skal formannskapet drøfta visjon i august 2010, før dette vert tema på eit seminar i oktober der også eit grovutkast til ny kommuneplan skal liggja føre. Kommunestyret skal gjere vedtak om visjon i desember.

Ein visjon er eit framtidssyn; noko som skal gi eit bilete eller ei biletrekke for det indre blikk.

I førebuing av denne drøftingssaka har rådmannen lagt til grunn at:

- Ein visjon for Kvinnherad bør ha form som eit slagord eller eit uttrykk. Det vil seia at den bør vere kort, fyndig og vekkja begeistring.
- Den bør skildra ein ønskt framtidssituasjon som er nokolunde innafor rekkevidde; dette skal vera ei leiestjerne som vi vil strekkja oss etter.
- Kriterium for ein visjon kan vere: retningsgjevande, attraktiv, realistisk, truverdig og kortfatta.
- Visjonen kan godt utdjupast av verdiar som skal kjenneteikna kommunen og kommuneorganisasjonen.

I mange år har "*felleskap og trivsel -utvikling og vekst*" pryda kommunen sine brevark og publikasjonar. Om dette er ein visjon, eit sett av verdiar eller eit slagord kan nok diskuterast.

Gjeldande kommuneplan har denne hovudmålsettinga: "I Kvinnherad vil vi stimulera til engasjement, ansvarskjensle og optimisme for at heile kommunen skal vera god å bu, arbeida og feriera i. Kommunen sine oppgåver vil vi løysa så nær brukarane som mogeleg." Også denne målsettinga har fleire visjonære trekk.

Formannskapet bør drøfta kva form og bruksområde visjonen skal ha (kort/lang, slagord/erklæring, marknadsføring/samlende omgrep osv.).

Gjennom scenarioanalysen som vart gjennomført i første halvår 2010 hadde formannskapet og ungdommens kommunestyre ein idedugnad som ga desse framlegga til verdiar for Kvinnherad:

- Kraft og spenning
- Frisk og framtidretta
- Nyskapande
- Mangfald og fellesskap
- Mangfald og rikdom
- Mangfald og ressursrik

Som eit resultat av scenarioanalysen vart det også skriva to scenarioskildringar som er vedlagt denne saka.

På heimesida har rådmannen invitert innbyggjarane til å koma med framlegg til ny visjon, noko som så langt har gitt desse innspela (gjengjeve slik dei er posta på nettsida):

- ***Kvinnherad tvinnar din tråd***  
Bilde er henta frå mytologien vår, der dei tre kvinnene, eller nornene, Urd, Verandi og Skuld spinn lagnadstrådane våre. På same vis bør kommunen vår, gjennom truge arbeid, ha ein visjon om å spegla ei framtid for innbyggjarane. Namnet på kommunen vår har då også blitt tolka både med opphav i namnordet "kvinna" og i gjerningsordet "kvinna" (tvinna). Kvirvelev og spesielt kvirvelvind er mykje vanlege geografiske fenomen i Kvinnheradsfjorden.
- ***Mellom fjord, fjell og fonn***
- ***Trygt og inkluderande***  
Dette var tittelen på ei brosjyre om Kvinnherad som kommunen ga ut i 2009.
- ***Med stø kurs for framtida***  
Verda går inn i utfordrande tider. Energimangel - med påfylgjande behov for økonomisk nytenking. CO2-auke, med påfylgjande behov for djupøkologisk tenking og handling. Overbefolkning, med bl.a. mat- og vassmangel. Globale utfordringar, ja, men me kjem til å merka det godt her i Kvinnherad også. Me har faktisk fått merka det, bl.a. med oppseiingar på livbåtfabrikken i Ølve. Då er det trøystesamt å bli minna på at kommunen vår aktar å manøvrera seg trygt, klokt og elegant gjennom alt dette.
- ***Frisk og frodig mellom fjord, fjell og fonn***  
Man kan også bruke ordet frodig, istedet for fargerik. Fokuserer mer direkte på målet, men sier mindre om hvordan man skal komme dit. Kanskje litt mindre ambisiøst enn fargerik. Det er et mål i seg å jobbe for et fargerikt samfunn, både fordi tilværelsen da blir mer interessant, men også fordi mangfold gir resultater. Mang en god ide er drept av bygdedyret, også i Kvinnherad. Bruker man ordet freidig i stedet, er man enda mer ambisiøs. Men fokuserer kun på folk, mindre på omgivelsene. Og begrepet kan lett misforstås. Den freidige kan lett oppfattes som mer enn fremmelig, til dels overmodig, tidvis frekk. Manglende samarbeid.
- ***Frisk og fargerik mellom fjord, fjell og fonn***  
Fem f'er. Kan bruke fager (i den grad det er et mål) istedet for fargerik, men det blir litt dødt. Fargerik er sprekere. Setter fokus på kontrastene mellom den blå fjorden, de grønne fjellsidene og den hvite fonna og oppfordrer samtidig folk til å strekke seg litt og bli litt mer vågale. Tørre å tenke annerledes.

At man må tåle å være forskjellige og utnytte det. Først da får man et godt team. Vekk med bygdedyret. Fokus på natur, som kommunen har så mye av og som må markedsføres bedre i tiden som kommer. En fargerik natur solgt av fargerike mennesker. Frisk for å markere at målet er en frisk natur og en frisk og sporty befolkning. Frisk også som signal om å få opp tempoet. Handlekraft.

- **Samspel med og for innbyggjarane**

På tide med ein meir realistisk visjon med ein ny appell. Den gamle er vel ikkje lengre heilt i samsvar med utviklinga. På tide å ta sikte på ei styringsform for større samkjensle og samstemming mellom politikk, politikarar og innbyggjarar.

- **Kraftfulle kontraster**

Jfr kommunen som har alt: Kraftfond, kraftkrevende industri + utrolig sterk og allsidig næringsliv, naturen er en kraft (magnet); med sine kontraster fra fjord til fonn osv., været er kraftfullt; med store kontraster: der kan det føles som det er alle årstider i samme uke, de politiske debattene og Indre-Ytre luten debattene er ... Osv.

- **Einskap og felleskap - Hand i hand**

Den viktigste visjonen for Kvinnherad, er å utvikle den enkelte innbygger, samtidig som vi i fellesskap styrker eksistensen og utviklingen av hver bygd og grend i kommunen.

- **Vi strekkjer oss**

Kvinnherad skal vera ein kommune med mål om at vi "kan alltid bli betre". Dette slagordet syner det. I tillegg har det ein positiv klang for notida. Vi strekkjer oss for å møta innbyggjarane / gje innbyggjarane eit godt tenestetilbod. Vi gjer det beste ut av det vi har.

- **Plassen for deg og meg!**

Dette er slagordet til "Kom til Kvinnherad". Da passar det vel bra som visjon for kommunen også?

Det har også kome inn nokre framlegg relatert til eigedomsskatt, men dei er utelatne her.

**Uttale frå Eldrerådet:**

Ikkje aktuelt.

**Uttale frå Rådet for dei funksjonshemma:**

Ikkje aktuelt.

**Økonomisk konsekvens:**

Ikkje relevant.

**Miljømessig konsekvens:**

Ikkje relevant.

**Vedlegg:**

To scenarioskildringar: "Det e' her me bur" og "Regionkommunen".